

Hyllingskvad til flagget !

(17 mai - Olsok 1951.)

Du flaggduk som veiftar frå høgreste stong
kring heile vårt Noreg i dag,
var einlita, eldande blodraud eingong, *Og blunden med*
~~med skarpskorpe-herdende drag.~~ *vann-gule drag.*
Dei fylka seg under di sprakande glod -,
og streid til dei vann, eller låg i sitt blod.

Du blakra frå Hårfagers lyfting, so frid,
hin stormande Hafursfjordsdag - - !
Du sveiv over Adalsteins harde sette strid
på Stord, - i eit rasande slag.
I pilregn og hagldriv du vaia so fjåg,
og mana til siger i Hjørungavåg.

Du brann millom sverd i den falslege storm
ved Svolder, der ingen gav grid - .
Då Jarnbarden rудde kong Trygvasons Orm
i siste og ulike strid - - .
Du svinga so byrg på din blodraude fald
då kongen til sist gav seg havet i vald.

På Stiklestad - krosemerkt - du kongsmærke var
ei dyster og lagnadstung stund.
Då Olavs Tord Foleson hugheil deg bar
mot skjoldborgi kring Tore Hund - - !
I slagmarki planta, du røkta ditt kall,
trass konge og merkesmann under deg fall.

Med Magnus hin gode - på Lyrskog - du steig
til siger, då alt stod på spel - !
Ved Stanford, der Hardråde dødssåra seig,
du song han det siste farvel - .
Ei löva i gull Magnus Berrfött deg gav.
Du fylgde han trufast til vigvoll og grav !

Til Sigurd si vidspurde Jorsalaferd
du eggja den hugdjerve ramn.
La glans over Oystein si frede same gjerd,
frå Jämtland til Agdenes hamn.
Stod nær Magnus Blinde då hjarta hans brast.
Til skamfarne Slembe du vinka frå mast.

Då Ings, av vener, ved drottsvik vart seld,
du skolv i ei kjendsla av skam.
Ved Sekken, der Herdebreid sidan vart felld,
du såg korkje att eller fram.
På Kalvskinn og Fimreite var du og med,
der Erling hin skakke og Magnus seig ned.

Der blinkar eit mål i din flagrande fald,
so skimrande bjart og so greitt:
Vårt Noreg må bergast or småkonge-vald,
og veksa seg saman til eitt !
Av Hårfagers kongstanke, duken din brenn !
I Sverre og Håkon, du fann dine menn.

Då Ingebjörg Kongsdotter - einborne liv -
stod budd til si utferd hin dag,
som Fokkungahertugens vertande viv,
- drog burt, under Sverrikes flag -,
du veifta ditt velfar - i djupaste sorg -
frå høgaste tårnspir på Akersnes borg.

Med Logbötars Håkon - den mynduge drott -
gjekk Ynglingeætti i grav.
Kor ynskjeleg, om han ein son hadde fått,
men dette vart ingenting av --.
Og difor hans avferd so lagnadstung vart - --.
Sjolv du hadde grunn til å sveipt deg i svart.

Me misste vår fridom ! Din farge og form
vart omskift frå norsk til utlændsk --,
I trældom du skolv i den sudaustan-storm,
som anten var dansk eller svensk.
I avmagt og daudstilla hang du so slak,
til fridomens gjennomtrekk tok seg på tak !

Då lyste å nyo den stiklestad-kross,
- som nyfallne snøen, so kvit - - !
Vår sjölvstende-rett bar han heimatt til oss
på trui sin djup-blåe lit.
Du sveiv över Eidsvoll - dyrverdige klut -,
og folda det Heilage Krossmerke ut !

Nytt, Noreg seg reiete or hundra-års dust,
til fridom, på sjölveigne bein - --.
Men sanneleg vart det kje gjestebod just,
å vaska vår riksfana rein !
Du nær måtte kokast i oska og lut
för "Sildesalaten" or duken gjekk ut.

Med Amundsen drog du frå pol og til pol,
vann heiderens laurber til oss --.
Du strålar kring landet - vårt fridoms symbol -
med sigerens blå-kvite kross !
Frå heim, til missjonsmark og fjerraste hamn
du kvískrar so stille mor Noreg sitt namn.

Nyst rasa ein blodstorm frå avgrunnen svart, med eld gjennom heile vårt land --.
Guds misskunn og nåde frå krossen det vart som slökte den fälslege brand' !
Ein maidag, med fridom i fullaste mun, du atter fekk vaia som festflagg i tun !

Stig högt över Noreg i glæda og sorg, og lær oss ^{mot högdi å} ~~å~~ ~~oppover~~ sjå !
Bind saman vårt folk i frå hytta til borg, og bjod oss å sameinte stå !
Ja, brenn som ein varde til seinaste slut, og folda det heilage krossmerke ut !

Johs. M. L. Rydland.